



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

## Rundskriv R

---

Alle departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-7/2016

Vår ref  
16/3445

Dato  
30.08.2016

### **Statsbudsjettet 2016 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering**

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2016. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2016 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 19. oktober 2016. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2015
- Saldert budsjett 2016 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2016

I hovudbudsjettsskrivet for 2017 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2016 innan 1. august 2016. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag no. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 25. november 2016. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 21. november 2016.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2016 vil etter planen verte fremja i statsråd 2. desember 2016.

Med helsing

Colin Forthun e.f.  
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen  
fagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer*